

Bygland Senterparti  
4745 Bygland

29 mai 2018

NVE  
Konsesjonsavdelingen  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

**Uttale til høyring av kraftverk i Skomeåni - sak 201700704**

Bygland Senterparti vil etter handsaming i medlemsmøte 28 mai kome med fylgjande uttale til høyringsrunden:


Bygland Senterparti ynskjer at lokale ressursar skal utnyttast til verdiskapande aktivitetar. Vasskraft er ein slik ressurs som gjev lokal aktivitet og verdiskaping. Slik sett så er prosjektet i Skomeåni midt i blinken.

Prosjektet er også eit godt miljøtiltak ved at det kjem meir fornybar energi ut i marknaden i samsvar med gjeldande nasjonal politikk. Det er også vanskeleg å sjå at prosjektet har negative lokale konsekvensar då det er bare ein liten del av vassmengda som blir nytt til kraftproduksjon. Arealet representerer heller ikkje noko inngrep av omfang sidan eksisterande skogsbilveg kan nyttast som trase for nedgraving av røyrgate.

I sum så er Bygland Senterparti veldig positive til tiltaket og me tilrår at NVE gjer eit positivt vedtak om konsesjon.

For Bygland Senterparti

  
Tor Kasin  
-nestleiar-

  
Vigdís Beisland  
- styremedlem -

  
Sigrid Greibrokk  
-styremedlem-

  
Olav Lidtveit  
- styremedlem -